



Vegdirektoratet

Dato: 04.09.2018

Vår ref.: 2018/11078-6

Saksbehandlar: mattorg

Dykkar ref.: 18/106580

Forskrift om utstedarverksemd for bompengar og ferjebillettar - Høyringsfråsegn

Fylkesutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak i sak PS 209/2018 den 30 august:

1. *Hordaland fylkeskommune tek til etterretning Stortinget sitt vedtak om at utstedarrolla blir skilt ut frå bompengeselskapa, men meiner det er svært uheldig at utskilling blir satt som eit absolutt krav for norske bompengeselskap. Norske bomselskaper bør kunne organisere utstederverksemda på like vilkår som våre europeiske «konkurrenter». Derfor bør utstederverksemda også kunne organiserast i eit datterselskap heileigd av det regionale bompengeselskapet.*
2. *Hordaland fylkeskommune er uroa over at reforma kan føre til auka kostnader til administrasjon av bompengar, og ber om at dei økonomiske konsekvensane av reforma vert vurdert nærmare. Dette gjeld også nivået på utstedargodtgjersla. Det bør også vere eit tak på utstedargodtgjersla for særskild dyre samband som ferjesamband.*
3. *Forskrifta må avklare nærmare forholdet mellom operatør og utstedarselskap i tilfelle med tvistar om betaling.*
4. *Hordaland fylkeskommune anmodar om at fristen for iverksetjinga av forskrifa og krav om tidspunkt for når utstedafunksjonen blir avvikla blir forlenget slik at bompengeselskapa kan få etablert naudsynte system og rutinar, og utstedarselskap kan få tid til å etablere seg.*

Fylkesrådmannen sitt saksframlegg finn de på:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling>ShowDmbHandlingDocument?dmbId=12862&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=621411>

Matti Torgersen
Sjefsplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.